



å ta patent på oppfinninga, og det vart andre som kom til å utnytte denne.

Sjølve kom dei til å byggje nokre få motorar. Den fyrste eller ein av dei aller fyrste vart kjøpt til treskemotor av nokre her i Høvsgrenda. Det var far som var rekna som den mest maskinkyndige og fekk til oppgåve å stå for stell av motoren. Han hadde før vore ein del i skiferbergo og sett ymse maskinar i bruk der. Det var truleg i 1912 motoren vart kjøpt. Og det var noko av eit eventyr å få motor til å dra. Hausten før hadde eg lote vore med og kjørt kjørevandring. Far hadde slik og Mesna treskemaskin. Det var rekna som bra saker. Men det var langsamt å gå etter slik kjøregreie time etter time. Eg var fødd i 1905. Det var difor ikkje merkeleg om vi alle var spente då ny-motoren skulle prøvast — og fotografen kom og. Biletet legg eg ved. Det vart teke av O. K. Hovi. Men far kom til å fryse mykje under arbeidet med å stille motoren. Han var leid å starte når det var kaldt — og kaldt var det gjerne under treskinga. Likevel greidde dei seg med denne motoren i fleire år — like til det vart elektrisk motor. Det var eit nytt stort framsteg. Då vart det ikkje lenger plunder med startinga. Kvar det vart av den gamle Fossemotoren, kan eg ikkje hugse. Biletet er teke på låvebrutroppa vår. Dei som er med, er frå venstre Knut T.

Hovi, Knut O. Bolstad (eller i dagleg tale gamle Bølstadhaugen), Andris S. Hovi, Knut G. Hovi, Syver T. Bolstad, Torleiv T. Hovi, og yngste mann var underskrivne. Dei to Bolstad-karane vart elles ikkje med i dette treskelaget. I staden kom andre Høvingar til og det gjekk i mange år, like til skurtreskaren løyste av. I dag blir det mest ikkje dyrka korn i grenda.

Voggeviser frå Slidre*)

Rugge ro, rugge ro
i frå Neste o te Mo.
Brei er fjorden heile leie
i frå Neste o te Reie, —
rugge mø so ro mø.

Rugge ro, rugge ro
i frå Neste o te Mo.
Mange fiska ska mø taka,
er du snill ska du få smaka, —
rugge mø so ro mø.

Rugge ro, rugge ro
i frå Neste o te Mo.
Mø ska ro i fleire vendo
ette londo, ette strendo, —
rugge mø so ro mø.

Rugge ro, rugge ro
i frå Neste og te Mo.
Heimatt ro mø seine kvelden,
go er vogga, mjuk er felden, —
no ska bådne søva.

*) Dette er ei voggeviser Nils Wiste (f. 1891) lærde av mor si som smågut. Sidan er både tekst og tone gløymt, — så vidt ein veit er det berre Nils som hugsar dette no.